



DET KONGELEGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Helse Vest RHF  
Riksrevisjonen

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1591-

14.07.2016

**Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 22. juni 2016 -**

Vedlagt følgjer protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 22. juni 2016, samt kopi av fullmakta gitt av styreleiar Terje Vareberg og administrerande direktør Herlof Nilssen.

Vennleg helsing

Astri Knapstad (e.f.)  
avdelingsdirektør

Morten Svendsberget  
seniorkonsulent

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrevne signaturar.*

Føretaksmøte 22. juni 2016

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

[www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no)



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

---

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 22. juni 2016 kl. 09.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i R5, Akersgata 59, Oslo.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring av driftskredittramma
- Sak 4 Oppfølging av "Én innbygger – én journal"

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

### Frå styret møte

Nestleiar Lise Reinertsen (etter fullmakt frå styreleiar)

### Frå administrasjonen møte

Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi Hilde Christiansen (etter fullmakt frå administrerande direktør)

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Kommunikasjonsdirektør Bente Aae

### Også til stades

Statssekretær Fredrik Wang Gierløff

Politisk rådgjevar Atle Simonsen

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.



## Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Nestleiar i styret, Lise Reinertsen, og helse- og omsorgsminister Bent Høie blei valde til å skrive under protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Bent Høie spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Endring av driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortingets handsaming av Prop.122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016*. Her vart det vedteke å auke dei regionale helseføretaka sine rammer for driftskreditt med 4 050 mill. kroner frå 1 846 mill. kroner til 5 896 mill. kroner ved utgangen av 2016. Endringa skuldast at pensjonskostnaden er redusert med 4 550 mill. kroner og at anslag for pensjonspremien er 500 mill. kroner lågare enn lagt til grunn i saldert budsjett for 2016.

Helse Vest RHF sin del av denne justeringa utgjer 770 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr. 31. desember 2016 blir justert frå 345 mill. kroner til 1 115 mill. kroner.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Driftskredittramma for Helse Vest RHF aukar med 770 mill. kroner frå 345 mill. kroner til 1 115 mill. kroner.*

## Sak 4 Oppfølging av «Én innbygger – én journal»

Føretaksmøtet viste til Direktoratet for e-helse si innstilling (januar 2016) om korleis målet om "Én innbygger – én journal" bør bli realisert. Føretaksmøtet viste og til Direktoratet for e-helse si vurdering av "Helseplattformen" i Midt-Noreg som eit startpunkt i den nasjonale utviklingsretninga mot å realisere målbildet i "Én innbygger – én journal" (juni 2016).

Programmet "Helseplattformen" i region Midt-Noreg er eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunar i regionen. Det er ein felles ambisjon om å skaffe ei heilskapleg løysing for pasientjournal og pasientadministrasjon, i tråd med det nasjonale målbildet om "én innbygger – én journal". "Helseplattformen" representerer ei moglegheit for ei avgrensa geografisk utprøving av den nasjonale utviklingsretninga. Det inneber ei god anledning for tidleg å teste ut samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta, inkludert avtalespesialistar, og den kommunale helse- og omsorgstenesta, inkludert fastlegane.

Føretaksmøtet har vedtatt at Helse Midt-Noreg RHF skal gjennomføra programmet "Helseplattformen" som eit regionalt utprøvningsprogram for det anbefalte nasjonale målbildet i «Én innbygger – én journal» og eit mogleg startpunkt for ei felles nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Den nasjonale rolla krev både nasjonal representasjon i programstyret for "Helseplattformen" og nasjonal deltaking og innflytelse i planlegging, gjennomføring og i faglege vurderingar av tema som kan ha betydning for den nasjonale utviklingsretninga.

Føretaksmøtet understreka at det er viktig at dei andre regionale helseføretaka bidreg til at "Helseplattformen" kan lykkast med oppdraget innanfor dei tidsrammene og den økonomien som er sette i prosjektet. Føretaksmøtet peika vidare på at programmet "Helseplattformen" bør finansierast, styrast og gjennomførast i samsvar med avtalar og fullmakter inngått mellom sjølvstendige verksemdar i Midt-Noreg. "Helseplattformen" har bestemmande innverknad i styringa og avgjerdene myndigheit i anskaffinga.

Direktoratet for e-helse skal hausten 2016 greie ut innføringa av ei nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Arbeidet skal skje i tett samarbeid med kommunesektoren, spesialisthelsetenesta, andre nasjonale fagmyndigheiter og pasient- og brukarorganisasjonar. Det skal etablerast eit samarbeid mellom "Helseplattformen" og utgreiningsarbeidet i Direktoratet for e-helse om tema som kan ha betydning for den nasjonale utviklingsretninga. Nasjonal innflytelse i "Helseplattformen" kan gi meirkostnadar, men og gevinstar i form av tilgang til teknologisk og helsefagleg kompetanse frå resten av helsesektoren.

Det nasjonale utgreiingsarbeidet skal på sjølvstendig grunnlag vurdere behova for og kva for moglegheiter det er for å realisere ei eventuell felles nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste – i tråd med anbefalingane i utgreiing av «Én innbygger – én journal» og basert på erfaringar frå arbeidet med "Helseplattformen". Utgreiinga krev aktiv deltaking frå spesialisthelsetenesta, både i forhold til utvikling av den nasjonale løysinga for kommunane og for å sikre ein best mogleg samhandlingsløysing mellom den nasjonale løysinga for kommunane og dei regionale løysingane i spesialisthelsetenesta.


#### Føretaksmøtet vedtok:

*Føretaksmøtet ber Helse Vest RHF om å:*

- *bidra i Helse Midt-Noreg RHF sitt arbeid med "Helseplattformen".*
- *sikre aktiv deltaking i det nasjonale utgreiingsarbeidet i regi av Direktoratet for e-helse for å oppnå best mogleg samhandling mellom ei nasjonal løysing for kommunane og dei regionale løysingane i spesialisthelsetenesta.*

Møtet vart heva kl. 09.15.

Oslo, 22. juni 2016



Bent Høie



Lise Reinertsen